

Anleggsveg i handelsparken

Det blir jobba med planar for ein anleggsveg inn i området til Bø Handelspark på Grivjordet. Dagleg leiar Kjell Aage Verpe seier dei håpar på byggjstart på tomte til Carlsen Fritzøe seinast i midten av november og at ein reknar med ei byggetid på åtte månader. - Me er i forhandlingar

med ein entreprenør angående anleggsveg og infrastruktur inn til CF-tomte. Opparbeiding av parken skal mest sannsynleg ut på anbod, seier Verpe. Nyheita som avisa Varden presenterte om at Biltema er ein aktuell etablerar i parken vil Verpe ikkje stadfeste.



Tips kånn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45



KOMMUNEREFORMA

– Ikkje sikkert nokon

– Det hjelper ikkje kva me meiner i Bø dersom ingen vil ha oss. Bø pluss Lunde og Gvarv er for lite. Bøheringane må tenkje gjennom kva ein vil dersom ikkje Nome og Sauherad vil ha oss.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg likte ikkje overskrifta. Eg meiner den ikkje er dekkande.

Det seier ordførar Olav Kasland (V) om meningsmålinga og presentasjonen av den som Bø blad hadde i førre avis. «Elt til Bø» var den humoristiske varianten me hadde valt på første side. I ei meningsmåling i Bø svarte 70 prosent at dei ønskte ein eller annan variant av Midt-Telemark dersom det blir kommunesamanslåing. Og 88 prosent meiner at kommunehuset bør ligge i Bø.

Ordføraren er likevel glad for at lokalavisa gjennomfører ei slik meningsmåling. Han seier også at dei signala han får går på at folk ønskjer ei samanslåing i Midt-Telemark.

Kan bli åleine

– Men skal me slå oss saman med kommunane i Midt-Telemark, så er me avhengig av at dei vil ha oss. Det tyder ikkje på at folk tenkjer over det, seier Kasland.

Han seier at det er politiske krefter i Sauherad som trekkjer mot Notodden. I Nome er det krefter som går for ei samanslåing med Skien.

– Resultatet er at me kan bli ståande att åleine. Kva då, spør Kasland.

Han understrekar at slik som situasjonen er, er det ikkje noko alternativ for Bø kommune å stå åleine. Derfor er det også nyttig å få utgreiingane som ein får i samband med vurderinga av alternativet Lifjell rundt. Det gir også grunnlag for å vurdere forholdet

til Nome og Sauherad

Må gi og ta

– Eg skjønner at bøheringane svarar at kommunehuset skal ligge i Bø. Folk i Nome og Sauherad ville ha svart tilsvarende om ein spurde dei. I ein slik prosess er det viktig at ein må gi og ta, understrekar Kasland.

– Dette er ekteskap på like vilkår, elles vil ingen gifte seg med oss, seier Kasland.

– *Bør det vere lettare for Bø å gi frå seg kommunehuset sidan det på mange måtar er den sterke parten?*

– Eg vil ikkje gå inn i den debatten. Folk må tenkje på at eit moderne kommunehus er eit møtelokale. Det er svært få innbyggjarar som treng å kome til det.

– *Men verda blir gjerne sett frå kommunehuset og politikken forma etter det?*

– Det er klart det betyr noko, men ikkje alt. Dette er ikkje min debatt no, seier Kasland.

Kasland er også oppteken av at ein i Bø har respekt og forståing for at andre kommunar kan ha andre problemstillingar og utfordringar å diskutere enn me i Bø.

– *Kva bør bøheringane tenkje gjennom?*

– Kva som er alternativa dersom Midt-Telemark ikkje er aktuelt. Kva gjer me då. Lunde og Gvarv er ikkje eit aktuelt alternativ, det vil bli ei kommune med for få innbyggjarar. Grensa for ein effektiv kommune kommunestrukturdebatten er 15.000 innbyggjarar, påpeikar Kasland.

Ikkje overraska

– Det var ikkje så overraskande. Det stemmer også godt med ei meningsmåling som Midt-Telemarkrådet fekk gjennomført, seier Arne Storhaug (Ap).

Han seier at det også stemmer med hans syn, ein vil få ei relativt einsarta kommune i passe størrelse.

Når det gjeld plassering av kommunehuset meiner Storhaug at

ein må vere audmjuk og sjå at andre brukar andre briller.

– Skal ein slå seg saman må ein ha respekt for andre sitt syn, men me er godt rusta og er den kommunen som veks mest, påpeikar Storhaug.

Ingen kommentar

– Eg har ingen kommentar til meningsmålinga. Eg registrerer at det er slik, seier ordførar i Sauherad, Hans Sundsvalen.

– Eg synest det er uheldig at saka er vinkla på den måten. Me skal i ein prosess der me skal diskutere på ope grunnlag. Folk må vere klar over at, det er nokre som opplever «elt til bø» sterkare enn andre. Om me skal diskutere på seriøst grunnlag må me gjere det med ope sinn. Dette er uheldig signal å sende til innbyggjarane, meiner ordførar i Nome, Bjørg Tveito Lundefaret.

– *Trur du svaret hadde blitt annleis om ein spurde i Nome?*

– Eg seier ikkje det, det kunne truleg skjedd over alt, men eg tykkjer at det er feil og uheldig. Me må gå inn i dialogen med ei anna utgangspunkt. Alle må stille med blanke ark, seier Tveito Lundefaret.



– Politikarane skal styre

– Kommunen løyser vanskelege oppgåver ved å lage interkommunale ordningar. Det er ikkje nødvendigvis feil, men det er de som er sett til å styre Bø.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det sa fylkesmann Kari Nordheim-Larsen då ho vitja personallutvalet i Bø kommune måndag.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å sjå til at prosessen med kom-

munesamanslåingar går sin gang. Nordheim-Larsen peika på dei som blir kalla fakturakommunar, med veldig mange interkommunale relasjonar. Verstingane er blant anna Namsos med 56 interkommunale ordningar.

– Det blir ikkje noko levande demokrati av dei, meinte Norheim-Larsen.

Må vite oppgåvene

Nordheim-Larsen trur også det vil kome ein del vikarierende argument i debatten som handlar om identitet. Ho peika på identitet

som eit viktig moment i debatten. KS, kommunane sin interesseorganisasjon, er også trekt inn av regjeringa som ein aktør og var representert på møtet i Bø måndag.

– KS skal ikkje meine noko om kven de skal slå dykk saman med. Men det er klart at KS skal meine noko. Kommunestruktur kan ikkje sjåast utanom oppgåvene. Me må også sjå på regionale nivået, meinte Jan Erik Innvær frå KS.

KS sin representant peika også på at når det blir overført oppgåver til kommunane må det også